

**FINNØY KOMMUNE**

kultur og omsorg (OKO-etaten) Oppvekst

Det kongelige barne- og likestillingsdepartement
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

BARNE-OG LIKESTILLINGSDEP	
Arkivkode:	431.0
Dato:	17.6.2009
Saksnr:	2007/02425

- 041

Dykkar ref.:

Vår ref.: 09/496-3

Arkiv: C10, &13 Dato: 16.06.2009

BARNE- OG UNGDOMSAKTIVITETAR - INVITASJON TIL HØYRING

Vi viser til brev datert 21.04.2009.

Her følgjer saksutgreiinga med vedtak:

FINNØY KOMMUNE**SAKSPAPIR**

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	09.06.2009	073/09	REV

Saksansvarleg Reidulf Vignes	Arkiv: K2-C10, K3- &13 Objekt:	Arkivsaknr 09/496
---------------------------------	--------------------------------------	----------------------

BARNE- OG UNGDOMSAKTIVITETAR - INVITASJON TIL HØYRING**Saksutgreiing:**

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	21.04.2009	Det kongelige barne- og likestillingsdepartemen t	INVITASJON TIL HØYRING - UTREDNING OM UNGDOMS FRITIDSMILJØ OG DELTAKELSE OG INNFLYTELSE LOKALT

Dersom ein tek utgangspunkt i forlag til tiltak på side 16 og øvst på side 17 i høyringa, finn ein når det gjeld utgreiing om ungdoms fritidsmiljø i punkt 6, 7, 8 og 9 opplista verkemidlar som kommunane bør førestå. Dette er mange fine tiltak, og dersom det fylgjer finansiering med tiltaka vil dei kunne gjennomførast når ein tilpassar dei til lokale forhold. Det vil likevel vere arbeidskrevjande å setje i verk dei fleste av desse tiltaka, og dei vil såleis vere for kostnadskrevjande for små kommunar med dei økonomiske føresetnader vi har i dag.

Finnøy Kommune
kultur og omsorg (OKO-etaten) Oppvekst
4160 Finnøy

Tlf.: 51 71 47 00
Dir.: 51714730
Faks: 51714701

Bankgiro: 3347 07 00195
Org.nummer: 938633029
E-post: post@finnoy.kommune.no
Heimeside: www.finnoy.no

Når det gjeld del 2 i høyringa som heiter Demokrati og deltaking frå ungdom, gjeld det same der. På side 23 og 24 finn vi opplista både tiltak og kva råd og planar kommunane bør ha. Utgreiing, skriving av planar og gjennomføring vil krevje årsverk og økonomi til slike stillingar. Dette har vi ikkje i dag, og dersom det ikkje vert sett i verk tiltak som gjer kommuneøkonomien betre, kan vi heller ikkje gjennomføre tiltaka.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:


Finnøy kommune sluttar seg til konklusjonane i samandraget og dei punkta med forslag som er opplista i rapporten under føresetnad av at kommunane vert tilført så mykje midlar at desse tiltaka ikkje går på kostnad av andre lovpålagde tiltak.

Med den kommuneøkonomien vi har i dag, vil dei fleste av desse tiltaka ikkje vere mogleg å gjennomføre.

FSK-073/09 VEDTAK 09.06.2009:

Samrøystes som innstillinga.

Med helsing



Reidulf Vignès
kommunalsjef